

1. og 2.plass i Søralløpet(skuleløpet).

10.09.2015



Solveig Haugland spring inn til sterk og kontrollert siger.

Solveig Haugland gjekk heilt til topps av jentene, medan Johannes Haugland kom på ein sterk 2.plass i guteklassen i Søralløpet då skuleelevane konkurrerte i dag, torsdag. Dei to var dei einaste uskedelingane som kom blant dei 10 beste i sine klassar.

Solveig Haugland kom i mål på sterke 26.21 i det 5,8 km lange løpet, og ho var 5s føre den spreke ungdomsskulelæraren Trude Sundsteigen i mål. Dawit Michael Kasay vann guteklassen på 21:43, og han var 36s føre Johannes Haugland på 2.plass.

Resultata for dei 10 beste i kvar klasse finn de i [Kvinnheringen her](#). Der finn de også biletserie.

Etter at skuleløpet er avvikla i dag, er det klart for det ordinære Søralløpet førstkommande søndag.



Johannes Haugland heldt god fart gjennom løypa og kom inn til sterk 2.plass.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Kvinnheringen/Carina Wangensten